



Kenneth Eide, her på jobben i HMR saman med Arne Langeland, har starta firma saman med bror Thomas. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Børne Thomas og Kenneth Eide frå Haugland i Uskedalen har starta firmaet 'Eide maskin og utstyr'. Dei har som ein start kjøpt inn ein avansert vedmaskin som ikkje er avhengig av traktor.

- Vi vil leiga ut maskinen til interesserte, fortel Thomas.
Både han og Kenneth held fram i jobbane sine - det nye firmaet er ein bigesjeft.
Thomas er for tida hos Skarveland medan Kenneth som før er ansatt i HMR Engineering på Husnes.
- Vi har også andre planar enn dei som knyter seg til vedmaskinen, men det er enno for tidleg å offentleggjeranoko om dei, seier Thomas.

Også ein tredje uskedeling satsar friskt. Det er Ørjan Haugland, som har vorte forhandlar av nye og brukte traktorar av merkene Pronar, Lenar og Foton. Det er traktorar frå 20 HK til 265 HK. Haugland sel også nye reiskap, opplyser han.

Av Ola Matti Mathisen



Thomas Eide har starta nytt firma saman med bror Kenneth. (Foto: Ola Matti Mathisen)